Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Uvdal.

Emne: Brynet Bygdelag:

Oppskr. av: H. K. Fløseth Gard:

(adresse): Torsrud skule, Uvdal G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her i Numedal har dei stött, so langt attende ein har greie på det, kalla den steinen ein brukar til å kvessa ljåar og eggreidskap med for bryne. I den eldste tid fann dei bryne i brynefjell innan bygda. Dei maksla til bryne, so det var i passe størrelse, og tiljamna det, so det vart flate, glatte sider som kveste godt eggen. Seinare byrja brynehandlarar frå andre dalfører å farta om og selja bryner. Skulle det verta god avsetnad, måtte dei sjolvsagt byta av vara, at det var dei beste bryner som fanst. Då eg var smågut (for 60 år sia) var det Eidsborg-brynet som vart mest bruka. Handelskarar – truleg frå Telemark – gjekk rundt i Numedal og selde bryner. Det var gode bryner, og det var lett å selja dei.

Dei slipa fyrst ljår, knivar og andre eggreidskap på ein rund slipestein til dei vart heilt åtslipa, so det vart „ro" i eggen. Denne „roe" måtte dei bryna bort.

636

2

Då fyrst beit ljåen retteleg godt.

Seinare for dei til med bryner av kunststein. For omlag 30 år sia var det å få kjøpt bryner av støypt masse. Dei var tyske; men det var for grovt grjot i dei, so dei reiv for myckje eggen. Endå er dei å få; men no er det vondt å få avsetnad.

Eg har aldri høyrt tale om at dei tynte eggen ut med hammar her i Numedal. Folk som levde i fyrsten av det 19. århundradet, har ikkje fortalt om tynning med hammar.

Det ein kjenner til her i Uvdal, er slipesteinar som ein har vatn på og dreg rundt. På desse vert allslags egg-reidskap kvest. Slipesteinen set dei opp ved huset. Dette har vore vanleg og brukt i 150 år – og truleg endå lenger att-ende. –

Ein ljåa som er godt slipa, kan ein brukka opptil 2 timar – og same tider endå lenger. Det er det ålmenne å brukka 2 ljår i bøta. Men det kjem an på kor steinutt slåtten er, og kor heppen slåttekaren er til å undagå steinhogg. –

I eldre tid brukka folk etter dei hadde byrjt å slipa ljåen med sandsticka. Dei spikka fyrst ei lita tre-fjøl som dei laga til handtak på og tunnare i den eine enden, smurde på tjøre eller beck og ovapå eit sandlag og lét det so turke godt. Sandsticka

636

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

II.

Sandsteikka var omlag 40 cm lang og 3 cm brei. Eg hågsar for kytte svart av sandsteikka til å selja fin og kvass egg. –

Når dei slipar ljåen, tek dei han vanleg ut av orvet. Ein held eggen til seg ved sliping.

Ved bryning av slåttljå ~~held~~ legg dei beina i kross og held han soleis fast. Langorven set dei mot marka, og i gamal tid hadde dei gjerne ein jarnpigg i enden av orvet, so han ikkje skulle glette. Gleid han, var det lett å skjera seg i fingrane.

Fyrr i tida bruka dei kopp til å ha brynevatn i. Den var so 25 cm lang og 5–6 cm brei og var laga av to tre-stykker som vart hola ut. Når dei hadde fått stort nok rom til vatnet, sette dei trestykka saman og kledde ~~han~~ dei med neverlag, so han vart tett. Dei hadde krok i han og festa han ved sida oppe på buksolinninga. Det biter best etter brynet når ein har det i vatn; men sume gjekk med brynet i buksolomma og spotta på det eller straukk det i doggen når dei brynte.

Det er ikkje her i bygda nokon namn på brynegras, og eg har aldri høyrt det vart bruka som lækjeråd. Heller ikkje var det skikk å segja nokre visse ord når dei brynte. Sa dei noko, var det det helst at dei banna når ljåen var drjugt steinhoggen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
636